



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/1718-11

9. februar 2022

Oppdrag om identifisering av nye område for fornybar energiproduksjon til havs

Innleiing og bakgrunn

Av havenergilova § 2-2 følger det at etablering av fornybar energiproduksjon til havs berre kan skje etter at Kongen i statsråd har opna bestemte geografiske område for søknadar om konsesjon. Det følger også av same paragraf at før eit havområde kan opnast for søknadar om konsesjon, skal det gjennomførast konsekvensutgreiing av området.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), leia i 2009-2012 arbeid som identifiserte og konsekvensutgreia 15 område med tanke på opning for fornybar energiproduksjon til havs. I 2020 blei to av disse områda opna for søknadar om konsesjon.

Den langsiktige satsinga på havvind i Noreg er avhengig av tilgang på areal. Olje- og energidepartementet (OED) bed difor NVE om å identifisere nye område for fornybar energiproduksjon til havs, og lage utkast til konsekvensutgreiingsprogram.

NVE skal involvere relevante direktorat i arbeidet, i tråd med adresselista. Det skal etablerast ei direktoratsgruppe som bidreg til å løyse oppdraget. I tillegg skal Havforskningsinstituttet og Luftfartstilsynet og eventuelt andre direktorat og tilsyn med interesser til havs involverast på eigna måte.

Oppdrag: Identifisere område som skal konsekvensutgreiast

NVE skal i samråd med direktoratsgruppa:

- vurdere om nokon av dei 13 områda som blei utgreia i 2012, men som ikkje har blitt opna til no, på nytt skal konsekvensutgreiast.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
977 161 630

Avdeling
Avdeling for klima,
industri og teknologi

Saksbehandlar
Kaja Irene
Mathisen
22 24 62 40

- vurdere om det er nye område som eignar seg for opning i lys av oppdatert kunnskapsnivå og teknologi- og marknadsutviklinga som har skjedd sidan førre konsekvensutgreiing.
- vurdere om det er tenleg å auke arealutnyttinga i dei områda som allereie er opna.

NVE skal basert på direktoratsgruppa sine vurderingar foreslå område som legg til rette for god sameksistens og samhandling med andre næringar, og som samtidig tek vare på viktige miljøverdiar og utsikt til lønnsam utbygging. Det skal også takast omsyn til kor det er forventa auka krafttterspørsel, nettkapasitet og behov for eventuelle tiltak i nettet på land.

Arbeidet med identifisering av nye område for fornybar energiproduksjon til havs skal sjåast i samheng med forvaltningsplanane for norske havområde og dei kommande næringsplana for havområda. Der det er formålstenleg skal direktoratsgruppa koordinere arbeidet sitt med utgreiingsarbeid knytt til forvaltningsplanane.

NVE skal basert på direktoratsgruppa sine vurderingar, foreslå område for konsekvensutgreiing med sikte på opning etter havenergilova, saman med forslag til konsekvensutgreiingsprogram. Forslaget til område skal vise ei vurdering av kva omsyn som er tillagt vekt, kva kunnskapsgrunnlag som ligg bak og peike på eventuelle kunnskapshol og korleis desse kan tettast.

Organisering

Direktoratsgruppa skal ha følgjande medlemmer;

Norges vassdrags- og energidirektorat (leiar)

Oljedirektoratet

Fiskeridirektoratet

Miljødirektoratet

Kystverket

Forsvarsbygg

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

I tillegg skal Havforskningsinstituttet og Luftfartstilsynet involverast der det er relevant.

Tidsplan

Oppdraget skal leverast til departementet 30. april 2023.

Budsjett

Arbeidet med identifisering av område for fornybar energiproduksjon til havs skal løysast innanfor direktorata sine gjeldande budsjetttrammer, jf. Prop. 1 S (2021-2022).

Med helsing

Kristin Myskja (e.f.)
avdelingsdirektør

Kaja Irene Mathisen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Fiskeridirektoratet

Forsvarsbygg

Forsvarsdepartementet

Justis- og beredskapsdepartementet

Klima- og miljødepartementet

Kystverket

Miljødirektoratet

Nærings- og fiskeridepartementet

Oljedirektoratet

Samferdselsdepartementet